

Alkoholfloke for Festidalen

11.05.2007



Kan kommunen løysa "alkoholfloka" for Eilif Myklebust og dei andre i festivalleinga? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Festidalen ynskjer ved årets festival å gje ungdom under 18 år adgang men samstundes ynskjer arrangørane å ha skjenkeløyve for øl og vin.

No har Eilif Myklebust teke opp dette med kommunen og spurt kva dei meiner om det faktum at ungdom under 18 vil vera på same området som dei som lovleg kan nytta alkohol.

I første omgang ber han om "tips og tankar".

– Vi har lyst til at ungdommen skal få ta del i gode konsertopplevingsar og håper i samarbeid med dykk å få dette til, skriv Myklebust.

For å hindra skjenking av dei under 18 har festivalleinga tenkt på fylgjande: ·

Eigen farge på billettarmband

- Berre inngang i følgje med verge.
- Godt vakthald, eigne skjenkevakter.

Myklebust legg til at det nok er fleire gode tiltak som kan iverksettast for å gjennomføra dette på ein god måte.